

Nynorsk mediesenter

Status 16. 12. 2005



Stolt nynorsk
Dyktig - Frodig - Framfus

Rift om nynorskpraktikantane

Nynorsk mediesenter har vore i drift i 15 månader og snart har vi sendt frå oss femten nynorskpraktikantar. Tredje kullet er klar for to månaders praksis i andre redaksjonar frå 3. januar 2006, og same dagen byrjar fjerde kullet i Førde.

- Det er lett å skaffe praksis til fem nynorskpraktikantar i halvåret, og no opplever vi at redaksjonar som har hatt praktikantar herifrå, gjerne vil ha nye. Det er eit luksusproblem, seier Magni Øvrebotten, leiar for Nynorsk mediesenter.

Ho vil at heile NRK-systemet, og gjerne andre medieverksemdar, skal nyte godt av nynorskpraktikantane, og er særleg oppteken av å få dei inn i redaksjonar der det er få eller ingen nynorskbrukarar frå før.

- Men det må vere samsvar mellom praktikanten sine evner og anlegg og kva praksis dei vel. Til denne tid har Dagsnytt og distriktskontora går att som praksisplassar. Men vi lærer ikkje opp berre nyhendejournalistar, så over tid skal mange redaksjonar få glede av oss. Alle kan vere om seg når tida deira som nynorskpraktikantar er over, og dei ynskjer seg arbeid, seier Øvrebotten.

Klare for praksis

Frå 3. januar til 3. mars 2006 skal tredje kullet i praksis utanfor NRK Sogn og Fjordane: Håvard Hamnaberg i Kulturnytt, NRK P2, Gisle Forland til NRK Møre og Romsdal, Karoline Kalstveit til NRK Rogaland, Sølve Rydland til NRK Dagsnytt og Marita Haugo til NRK i Buskerud. Dei oppsummerar tida si i Førde slik :

Sølve Rydland : - Søndag hadde eg sak på Sportsrevyen, i går laga eg fem nyhendeinnslag til radio, i dag tidleg debuterte eg på direkten som utegående reporter, og no skal eg ut og lage aktualitets-reportasje til morgonsendinga i morgon. Dette seier det meste om Nynorsk mediesenter. Eg trur ein skal leita lenge for å finne ein betre måte å lære journalistfaget på.



Karoline Kalstveit : - Praksisen i NRK Sogn og Fjordane dei to siste månadane har gjeve meg innblikk i ei stor og spennande verd. Vi nynorskpraktikantane får brynt oss på alt frå dei hardaste nyheitene til dei mjukaste magasinreportasjane. Med skrekkblanda fryd ser eg fram til å prøve ut det eg har lært på heimlege trakter.....

Håvard Hamnaberg : - Eg har fått vere med på ei eventyrleg reise inn i journalistikken og opplevd mykje på kort tid. Når eg no skal ha dei to siste månadane i Kulturnytt, trur eg at eg kan gjere rett og skil for meg. Kanskje kan eg bidra med "det nynorske blikket" og gjere redaksjonen der meir fleirkulturell ?



Marita Haugo : - Her vert fokusert mykje på kor viktig det er med eit godt språk, og eg ser meir og meir kor mykje betre det er for meg å bruke nynorsk. Nynorsken ligg mykje tettare opp til hallingdialekta mi. No ser eg fram til å kome til NRK i Buskerud og praktisere alt eg har lært her.

Gisle Forland : - Opphaldet på Nynorsk mediesenter har vore over all forventning. Vi er tekne skikkeleg på alvor av dei andre tilsette, og det gjev oss trygghet og sjølvtilit. No ser eg fram til praksis, og eg vil definitivt satse på journalistikken framover. Vi er nemleg altfor få nynorskbrukande journalistar frå Nordland !



Raskt på egne bein

- Det overraska meg kor raskt praktikantane vart sjølvstendige, både journalistisk og teknisk. Det har vore ein fryd å arbeide med denne gjengen, seier faglærer Geirmund Henjum, som no har lært opp sitt fyrste kull med nynorskpraktikantar. Randi Indrebø sitt andre.

På svært kort tid skal nynorskpraktikantane byggjast opp til å produsere radio – og tv-innslag. Reportasjane skal ha eit klart fokus, vere strukturerte og ha eit korrekt og godt nynorsk språk.



Faglærarane fortel at dei berre etter nokre veker skjønte at dette kullet hadde lett for å lære.

– Dei sugde til seg teorien og omsette han raskt til radio – og fjernsynshistorier, fortel Geirmund Henjum. Han strekar under at det tek lang tid å få ein trygg identitet som journalist, men at dette kullet er på god veg. – Dei redaksjonane som får desse i praksis frå nyttår, får ein gjeng sjølvstendige og kunnskapstørste unge journalistemne.

Vi er visse på at dei vil gjere ein god jobb, seier faglærarane Randi og Geirmund.

- Ikkje noko å setje fingeren på ?

- Det må vere at dei slurvar litt med den nynorske grammatikken. Men vi har lese dei teksten på det området, så der vil dei garantert skjerpe seg, seier Geirmund Henjum.

Gjestene hausten 2005

Dei to profilerte programleiarane, Kari Sørbø i "Her og No", og Solveig Barstad i "TV2 hjelper deg", var nye gjesteførelesarar denne hausten. Dei snakka frå kvar sin ståstad om programleiarrolla, nynorsk og engasjement som journalist og programleiar.



Nynorsk mediesenter brukar gjesteførelesarar i tillegg til dei faste faglærarane og dei tilsette i NRK Sogn og Fjordane. Dette blir gjort for å gje nynorskpraktikantane innsyn i andre sider ved nynorsken og journalistikken enn det vi gjev dei til dagleg på huset.

Siste gjesteførelesar i år vert Are Kalvø, som skal snakke om korleis ein arbeider seriøst med humor. Andre gjesteførelesarar har vore : Linda Eide, Eva Westvik, Ingunn Solheim, Håvard Kleppa, Audgunn Oltedal, Jan Olav Fretland, Ottar Grepstad, Arve Sandal, Jon Peder Vestad og Jørgen Lyngvær. Emna dei har snakka om har vore alt frå nynorsk og dialekt, til etikk, journalistikk og samfunnskunnskap.



Nynorskpraktikantane og faglærarane har vitja mediehusa til NRK, TV2, P4 og Kanal 24 i Oslo. I tillegg har dei vitja NRK Møre og Romsdal i Ålesund. Dei har vore på Aasentunet i Ørsta, Det Norske Samlaget og Det Norske Teatret i Oslo, der dei såg teaterstykket "Bikubesong" av Frode Grytten.

– Alt dette for at dei skal få med seg at nynorsk er meir enn eit språk, det er ein identitet, ein kultur og ei historie, seier Magni Øvrebotten.

Fjerde kullet



Det var 44 søkjarar til fjerde kullet med nynorskpraktikantar, og heile fjorten av dei var inne til intervju og studiotest. Dei fem som kom inn var :

Asgeir Jens Reksnes, 25 år, frå Eid i Sogn og Fjordane. Han er ferdig med mastergrad i statsvitskap ved Universitetet i Oslo til jul. Skriv masteroppgåve om nord-sør-konflikta, med vekt på WTO-forhandlingane.

Bergit Sønstebø Svendseid, 21 år, frå Drangedal i Telemark. Ho er ferdig bachelor i internasjonale studiar ved Universitetet i Oslo til jul. Ho har vore aktiv i Changemaker, ungdomsrørsla til Kirkens Nødhjelp.

Erlend Blaalid Oldeide, 21 år, frå Raudeberg i Sogn og Fjordane. Han studerer administrasjon- og organisasjonsvitskap ved Universitetet i Bergen, og sit i Vågsøy kommunestyre for Ap.

Ingrid Z. Aanestad, 22 år, frå Bryne i Rogaland. Ho skriv for tida på ein roman, med kulturstipend frå Time kommune. Aanestad har studert fransk og kjønnsvitskap. I tillegg har ho bak seg eit eittårig forfattarstudium i Bø i Telemark.

Øystein Windstad, 22 år, frå Aukra i Møre og Romsdal. Han har med eit naudrop fått dimmitere frå det militære for å byrje ved Nynorsk mediesenter frå nyttår av. Har avisutdanning frå Høgskulen i Bodø, men har oppdaga at det er tryggast å satse på etermedia om ein vil bruke nynorsk som journalist.

- Kvar har dei andre vorte av ?



Dette biletet av Svein Ove Hansli er henta frå Dagsrevyen fredag 9. desember 2005, då han stod som ein påle og rapporterte direkte på link frå brannstaden i Florø, der to personar omkom natta før. Rett før hadde han vore direkte inne i den lokale tv-sendinga Vestlandsrevyen.

Hansli gjekk på fyrste kullet med nynorskpraktikantar, som starta her 1. september 2004.

Då han var ferdig i mars, takka han ja til eit vikariat i NRK Sogn og Fjordane, og der har han fått prøvt seg på det meste, og gått mykje direkte. Frå nyttår av skal han arbeide i NRK Dagsnytt.

Fyrste kullet med nynorskpraktikantar er alle i arbeid i media : Maria **Rivedal** i P3-nyhenda i Trondheim, Eli **Bjelland** i NRK Hordaland, Knut Åge **Teigen** i videoselskapet Snøball og forlaget PAN, og Inger Johanne **Sæterbakk** i NRK i Finnmark.

- Eg er åleine som nynorskbrukar på distriktskontora i Nord-Norge. I det daglege brukar eg meir bokmål enn nynorsk når eg skriv manus til dei eg jobbar saman med. Men eg tykkjer eg har fått meir dreis på min eigen miks av nordnorsk og nynorsk etter at eg kom hit. Eg prøver å bruke ein nynorsk som ligg nært opp til dialekta mi, og bruke dei særtrekka dialekta mi har, i den grad det passar med normalen. Det har eg fått gode tilbakemeldingar på frå kollegaer her og i andre redaksjonar. Men tilbakemeldingane frå lyttarane er så ymse, seier Inger Johanne Sæterbakk.



- Nordlendingar som normaliserar til nynorsk framfor bokmål er ein minoritet i minoriteten, og møter mykje fordommar, både frå nordlendingar og nynorskfolk. Mange tykkjer det er "så rart" at dei gjer det. Men dei fleste nordnorske dialektane ligg nærare nynorsk enn bokmålet både i setningsbyggnad og ordval. Reaksjonane kjem seg av fordommar og vanetenking, seier Magni Øvrebotten.



Knut Åge Teigen arbeider i video-selskapet Snøball i Oslo, som i år har laga 47 kortfilmar om matematikk for grunnskulen, på oppdrag frå Utdanningsdepartementet. Departementet har tinga ein liknande serie om naturfag frå Snøball. Nyleg fekk Nynorsk mediesenter denne e-posten frå sjefen i Snøball, Pål Karlsen:

- Nynorsken sniker seg inn i vår virksomhet gjennom Knut Åge. Vi har bestemt å gjøre vår første film på nynorsk nå, det er en oppdragsfilm for NVE om småkraftverk. Du vet jo at det kan være litt patetisk at man velger nynorsk straks man ser vakker natur og snødekte fjell, men et sted må man jo begynne. Det hjelper jo også at vi faktisk har en meget kompetent nynorskbruker som Knut Åge i huset. Jeg skal holde deg orientert når vi også bruker nynorsk på mer "urbane" temaer, skriv Pål Karlsen i Snøball.

Andre kullet med nynorskpraktikantar var ferdige 1. juli i år, og er anten i arbeid som journalistar, eller studerer og er tilkallingsvikarar i diverse redaksjonar.



Solveig **Hareide** tek mellomfag i medieproduksjon ved NTNU i Trondheim. Eli **Vaage** studerer spansk, retorikk og kommunikasjon ved Universitetet i Oslo, og er tilkallingsvikar i NRK Dagsnytt. Ingebjørg **Bø** er frilansar både i NRK i Telemark og diverse aviser. Birte Njøsén **Horne** arbeider som avviklar i NRK Sogn og Fjordane til nyttår, men dreg deretter til Bergen og satsar på frilansing. Janne-Marit **Myklebust** studerer engelsk ved Universitetet i Bergen og er tilkallingsvikar i NRK Hordaland.

KURSVERKSEMDA – Munn og mæle

Kursverksemda er den kommersielle delen av Nynorsk mediesenter, og samla under omgrepet "Munn og mæle". Vi har halde ti kurs sidan starten i 2004. Det er snakk om kurs i medietrening, presentasjon, skriving for Internett og god nynorsk. Vi skreddarsyr kurs og utvidar tilbodet etterkvart.

Føremålet med kursa er å gje deltakarane kunnskap og trening i media og nynorsk/dialekt. Målet er at dei skal bli trygge og frimodige nok til å våge seg frampå når høvet byr seg og å delta i samfunnsdebatten, som vert meir og meir styrd av media.


Aktive journalistar har ikkje lov til å drive kursverksemd på grunn av fare for ugildskap. Vi leiger inn kurshaldarar med kunnskap om og røynsle frå det vi skal kurse i, og stallen av kurshaldarar vert bygt ut etter kvart, alt etter kva kurs det vert spørsmål om.





Dette er kurshaldarane våre så langt: Magni Øvrebotten, Geirmund Henjum, Jan Olav Fretland, Wenche Schanke Eikum, Inge Kjell Holme, Arve Sandal og Randi Indrebø.


Kurs i 2005


I år har vi halde totalt åtte kurs kurs med folk frå LO Stat, Nynorsk forum, fylkesmannen i Hordaland, Tussa kraft i Møre og Romsdal, Mattilsynet og Senterpartiets hovudorganisasjon. Her er nokre tilbakemeldingar :


 - Dette var et svært nyttig, spennende og lærerikt kurs! Kurslederne var svært dyktige og stødige, og vi fikk både generelle og individuelle råd, som ga oss mer trygghet til å møte media igjen. Dette kurset hadde vi stort utbytte av, og det anbefales til alle som føler seg usikre i møte med media, skriv distriktssekretær Birgit **Stav** i LO Stat i Hordaland og Sogn og Fjordane.

- Desse to dagane har vore vel verd tida, sa dagleg leiar Vidar **Høviskeland** i Landssamanslutninga for nynorskkommunar (LNK), etter kurs i presentasjon og medietrening. Han var ein av ti deltakarar frå ulike nynorskforetak på desse kursa. 

 - Her vil dei gjerne ha fleire slike kurs. Dei likte spesielt godt at du var så direkte og konkret i vurderingane og tilrådingane dine, skriv nettredaktør Grete **Riise**, hjå fylkesmannen i Hordaland, etter kurs i skriving for Internett for tolv tilsette.

- Vi er svært godt nøgde med både kursinnhald og kurshaldarar. Profesjonelt opplegg og profesjonell gjennomføring er vårt inntrykk. Vi kjem truleg til å tinge desse kursa årleg, skriv inf.sjef Lisbeth B. **Myklebust**. 

 - Spennande og lærerikt. Vi er svært godt nøgde med kurset, og meiner at utbyttet var stort. Kurshaldarane var engasjerte og dyktige, og skapte tillit og trygge omgjevnader, skriv leiar Rune **Myklatun**.

- Førstekandidatene på stortingslistene har svært variert bakgrunn. Noen er erfarne stortingsrepresentanter, mens andre er nye og usikre på utfordringene som venter dem. Jeg synst du balanserte de hensyn som bør tas til ulik bakgrunn på en god måte, skriv generalsekretær Dagfinn **Sundsbo**, etter kurs i presentasjon for listetoppene i Senterpartiet. 

Vil du vite meir om kurs og tilbakemeldingar kan du gå inn på nettsida vår www.nynorskmediesenter.no

Regjeringas nynorskpris

23. juni 2006 - under Dei Nynorske Festspela i Ørsta i juni 2006 skal Regjeringas nynorskpris delast ut for fyrste gong. Prisen skal gå til ein dyktig journalist som har utmerka seg med bruk av levande og god nynorsk i media, og som gjennom arbeidet sitt har gjeve nynorsken status og innpass på nye område. Regjeringas nynorskpris er på 50.000 kroner og eit verk av ein norsk kunstnar.

Nynorsk mediesenter skal vere sekretariat for nynorskprisen. Den oppgåva fekk vi då dåverande kulturminister Valgerd Svarstad Haugland opna Nynorsk mediesenter i 2004. Ho kalla det ei "gåve".

Ein jury på tre skal avgjere kven som får prisen, og kven som sit i denne juryen vert klart over nyttår. Alle får høve til å kome med framlegg til prisvinnar. Fristen for å kome med framlegg skal kunngjerast i god tid før prisutdelinga, og prisen vert delt ut årleg.

"Stolt nynorsk"

er visjonen til Nynorsk mediesenter. Vi skal medverke til at nynorskfolk vert stolte og glade i dialekten og språket sitt. Gode nynorskbrukarar i radio, fjernsyn og på Internett gjer oss stolte av språket vårt og røtene våre. Vi skal ale opp fleire gode nynorskbrukande føredøme i etermedia.

Det finst ikkje meir eigna kanalar for spreiiing av nynorsk identitet og språkleg godtaking enn radio og fjernsyn.

Nynorsk mediesenter skal og medverke til at nynorskbrukarar flest blir trygge nok til å bruke språket sitt, og såleis auke det språklege og kulturelle mangfaldet i medie - og samfunnsdebatten.



Biletet er frå opninga av Nynorsk mediesenter 2.sept. 2004. Frå venstre : Inger Johanne Sæterbakk, Svein Ove Hansli, Knut Åge Teigen, Eli Bjelland og Maria Rivedal. Bak dei står kulturminister Valgerd Svarstad Haugland, som opna senteret, og leiaren Magni Øvrebotten. (Foto: Hans T. Wiig, NRK)

”Dyktig - frodig – framfus”

Dette er dei verdiane Nynorsk mediesenter byggjer på. Dei skal seie noko om kva vi vil vere, og kva som skal prege både dei som arbeider her og dei som får opplæringa si ved senteret. Det skal vere kvalitet i alle ledd, slik at **dyktig** vert omdømet til Nynorsk mediesenter.

Nynorsk er meir enn eit språk; det er ein identitet, ein kultur og ei historie. Ein trygg språkleg og kulturell ståstad er viktig for å vere open for nye impulsar, og for å ta sjølvstendige val. Nynorsk språk og kultur har ein **frodig** tradisjon som Nynorsk mediesenter skal byggje vidare på for å gje nynorsken innpass på nye område.

Nynorskbrukaren må vere *dyktig* for at språket ikkje skal bli brukt mot han. Difor nyttar det ikkje å stå med hua i handa, ein må vere litt **framfus** i den positive tydinga av ordet. Våge å merke seg ut, stå fonoko og vere noko.

Nettsida vår

Dersom du ynskjer å fylgje med i kva Nynorsk mediesenter driv med i det daglege kan du bruke nettsida vår www.nynorskmediesenter.no Sida er jamnleg oppdatert. Der kan du fylgje med i utviklinga til nynorskpraktikantane, om kurstilbodet og om anna vi driv på med.



Løvetanna



er bumerket til Nynorsk mediesenter. Det er grafisk designar Eva Hallaren, i Gasta reklamebyrå, som har laga både det og heile designprogrammet for Nynorsk mediesenter.

Slike statusrapportar som dette lagar vi tre-fire av i året. Vi sender dei til leiinga i NRK, til redaksjonar som tek mot praktikantar i praksis, journalistar, politikarar og andre som spør etter korleis det går med oss. Du finn alle tidlegare rapportar på nettsida vår, under ”Statusrapportar”.

POSTADRESSE:
Nynorsk mediesenter
Postboks 100
6801 Førde

BESØKSADRESSE:
Nynorsk mediesenter
NRK Sogn og Fjordane
Prestebøen 2
6800 Førde

TELEFON:
Leiar : 57 72 42 30
Faglærarar : 57 72 42 74
Sentralbord: 57 72 42 42
Telefaks: 57 72 42 75

E-POST:
nynorskmediesenter@nrk.no

NETT:
www.nynorskmediesenter.no



